



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 09.03.2018  
Vår ref.: 2018/141-16  
Saksbehandlar: nilelde  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Høyring – søknad om mellombels fritak frå krav om løyve for transport med personbil

I søknad av 20.2.2018 (vedlegg 1) har Rosendal Event AS søkt om fritak frå krav om løyve for transport med personbil.

Søknaden er grunngjeve med at dei er eit firma som driver med skiturar, vandreturar, kano, kajakk og fisketurar i Kvinnherad kommune. For å kunne tilby kundane deira transport til der aktivitetane skal starte søker dei om fritak frå kravet om løyve på ein av deira firmabilar.

Det følgjer av yrkestransportlova § 21 første ledd, jf. yrkestransportforskriften § 23 første ledd, at departementet i forskrift eller i einskildvedtak kan fastsetje unnatak frå krav om løyve for særskilde slag transportar eller motorvogner dersom det ikkje er i strid med internasjonal avtale der Noreg er part. I rundskriv N-7/2017 (vedlegg 2) har Samferdselsdepartementet i samsvar med yrkestransportlova § 15 delegert denne myndigheita til fylkeskommunane.

Departementet opnar i rundskrivet for at det kan gjevast fritak frå kravet om løyve for småskala turistverksemd der det er naudsynt å tilby persontransport som ein tilknytt del av eit opplevingsarrangement. Løyvefritaket skal berre gjelde for transport av eigne kundar til og frå aktivitetane som innehavar av løyvefritaket sjølv er arrangør av. Transporten må skje i tilknytning til sjølve arrangementet, ved at transporten berre er ein underordna tilleggsyting som vert utført av verksemda fram til reisemålet. For å få godkjent søknaden må ei rekke objektive vilkår være oppfylt. Vi viser til rundskrivet kor desse er lista opp.

For at fylkeskommunen skal godkjenne søknaden må ein vidare gjennomføre eit individuelt skjønn ut frå ei vurdering av om den tenesta som søknaden er basert på kan verte utført ved å nytte eksisterande løyvehavarar til transportdelen. Dette inneberer at løyvestyresmakta må vurdere konkurranseflata mot både drosje og turvogn. Søknader skal derfor sendast NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund og NHO Reiseliv på regionalt nivå, før ei eventuell godkjenning vert gjeve.

I samsvar med kravet om høyringsrunde før ei eventuell godkjenning av søknaden, sender vi Rosendal Event AS sin søknad på høyring til NHO Transport Hordaland, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund avd. Hordaland, og NHO Reiseliv Vest-Norge.

**Det vert satt frist til 30.3.2018 til å kome med fråsegn i saka.**

Rolf Rosenlund  
Seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Rosendal Event AS

Vedlegg:

1)Rosendal Event sin søknad av 20.2.2018

2)Samferdselsdepartementet sitt rundskriv N-7/2017 av 20.11.2017